

# Vi fikk vår frihet Finnmark høsten 1944

Omtale av Kjell Fjørtofts bok ved forskningssjef Olav Riste.

*Det var nok flere som reagerte på forfatterens og Gyldendals markedsføring i pressen og fjernsynet av Kjell Fjørtofts bok «Vi fikk vår frihet. Finnmark høsten 1944» før den kom ut omkring 40-årsjubileet for frigjøringen av Øst-Finnmark i oktober i år. Spesielt vil vi tro at tidligere soldater som deltok i frigjøringen av Finnmark var forbauset og skuffet over den måten deres øyenskildringer og beretninger ble brukt på. NMT har bedt forskningssjef Olav Riste om å omtale boken.*

Litteraturen om frigjeringa av Finnmark 1944–45 er etterkvart blitt rikholdig. Ved sida av einskild-kapittel i faglege arbeid kan det visast til eit trettital bøker og artiklar. Fleire av desse gir nærbylde av korleis einskilde menneske opplevde den grufulle tvangsevakueringa og den vanskelege vinteren som følgde for dei som var igjen i dei krigsherja områda — blant desse står Harry Westrheims «Landet de brente» i fremste rekkje. Det kan såleis bli vanskeleg å finne nye innfallsvinklar eller nytt stoff for den som vil skrive ei ny bok.

Forfattaren av den boka som her skal omtalast — Kjell Fjørtofts bok «Vi fikk vår frihet» — har nok kjent dette problemet, og han har søkt å løyse det på fleire måtar. Dels har han — ikkje utan grunn — sett sin lit til at folk flest ikkje les faglege verk, og at dei i alle fall gløymer fort. Dels har han satsa på ein ny versjon av det gamle ord-taket om at «angrep er det beste forsvar»: Den som kan rette tilstrekkeleg alvorlege klagemål mot identifiserbare personar eller grupper, og ropar høgt nok om det, vil vere sikra den føre-

handsomtalen som må til for at ei bok skal selje. Førehandsomtalen blir på sett og vis viktigare enn sjølve boka. Det blir mindre vesentleg om boka gir dekning for klagemåla, og endå mindre vesentleg om bakgrunnsstoffet gir grunnlag for dei sterke ord. Dei som kjem best ut av Kjell Fjørtofts harmdirrande skildring av tilhøva i Finnmark er naturleg nok finnmarkingane sjølve, og russarane: Det faktum at ein stor del av problema vedrørande den norske utefrontens innsats i området må tilskrivas at russarane ikkje ville avsløre eller samordne sine planar før dei stod ved grensa, går forfattaren lett over. Tyngste skytset blir retta mot den norske utefronten og dei allierte. Særleg får regjeringa, og dei norske soldatane som kom frå Skottland, det glatte lag.

Fjørtoft gjer det ikkje lett for den som skal etterprøve dei harde skuldingane. Rettnok har boka 39 «noter/kildehenvisningar», mange av dei til verk av historikarar — ein profesjon som forfattaren elles har lite til overs for! Men dei er nokså tilfeldig plasserte, og gir lite dek-



ning for dei alvorlegaste skuldingane. I ein kort omtale kan vi berre kome inn på nokre få eksempel på kva Fjørtofts framstillings- og dokumentasjonsteknikk kan føre til.

Eit hovudpoeng i forfattarens presentasjon av boka, gjennom ei lang rekkje avis-intervju, er at Kongen og regjeringa frå London kom med «appellar» eller «paroler» til folket i nord om å rømme til fjells under tvangsevakueringa, fordi hjelp var på veg. Dette er Fjørtofts forklaring på at 20 000 finnmarkingar unndro seg evakuering — og fekk lide for det. I sjølve boka har dette fått ei neddempa form: Etter å ha sitert eit par setningar frå kong Haakons og statsminister Nygaardsvolds erklæringar over London radio 26. oktober 1944, om at frigjeringa no var i gang, hevdar han at det som var sagt, gav dei fleste ei overtyding om at hjelpa var nær. «Her ligger mye

av årsaken til at omkring 20 000 finnmarkingar trosser Hitlers trussel om dødsstraff for den som unndrar seg evakueringen.»

Til dette er for det første å merke at dei to proklamasjonane ikkje inneheldt noko om evakueringa eller om korleis dei sivile skulle stille seg til den, av gode grunnar: Hitlers ordre om tvangsevakuering bar datoen 28. oktober — to dagar seinare — og sjølve tvangsevakueringa vart ikkje offentleg kjend før nokre dagar ut i november. Ei heilt anna sak er det at Hjemmefrontens ledelse i midten av november sende ut ein parole om å motarbeide tvangs-evakueringa. Den kan neppe regjeringa lastast for; den var ikkje i samsvar med regjeringa sin politikk og vart då også modifisert fjorten dagar seinare. Talet 20 000 må også brukast med varsemd: Ein stor del av dei — kanskje bortimot halvparten? — var i russiskkontrollert område i Varanger då tvangsevakueringa vart sett i verk. Ein stor del av Fjortofts bok handler om forsyningar som trongest til Finnmark, og som ikkje kom. Dette har vore kjent frå før, men kan godt takast opp att, dersom det også blir gitt ei balansert framstil-

ling av årsakene til vanskane. Harsellas skulle vere unødvendig når ein kjenner både dei reelle og dei meir byråkratiske hindringane regjeringa møtte i sin intense og uthaldande kamp for å skaffe forsyningar til eit område der alt var mangelvare. Det høyrer også med i bildet at det fram til førstinga av mars 1945, trass i alle vanskane, var kome nær 5 000 tonn forsyningar til sivilt bruk i Finnmark.

Også når det gjeld spørsmåla om styrkar vestfrå til frigjeringsa av Finnmark er Fjortofts framstilling både forvirrende og misvisande. På basis av Nygaardsvolds temperamentsfulle utbrot i «dagbøkene» som no er offentleggjorde, har Fjortoft konstruert motsetningar mellom regjeringsmedlemmene og mellom statsministeren og den norske militære leiinga som det ikkje er grunnlag for. Hans eigen konklusjon, som han søker støtte for hos Nygaardsvold og i en rapport frå A. D. Dahl, synest å vere at alle norske stridskrefter burde ha vore sette inn lenger sør og vest i staden for i Aust-Finnmark. At ein fortvila og rådlaus Nygaardsvold og ein oberst i Kirkenes utan tilgang på informasjon kunne tenkje i slike baner, er forståeleg. Men i ettertid burde det ikkje vere vanskeleg å innsjå at å sende den norske brigaden på 3500 mann i kamp i ryggen på den

tyske 20. Gebirgsarme ville vere reinhekle galskap.

Der er ei kjerne av sanning i Fjortofts påstand om dei politiske motiva vov tungt i vedtaket om å sende styrkane til Aust-Finnmark, sjølv om dei humanitære motiva dominerte i perioden før forsyningsproblema tok til å løyse seg utpå vinteren. Stendige spørsmål frå russarane om når der ville kome norske styrkar i større omfang, og uro over kva langsiktige planar russarane hadde med sine styrkar, var realiteter som regjeringa måtte ta omsyn til. Dei kunne ikkje tillate seg den naiviteten å tru at fordi generaløytnant Sherbakov 19. november sa at russarane ikkje hadde planar om vidare framrykking, så var det problemet løyst for resten av krigstida.

Det vil føre for langt her å kome inn på dei faktiske feil som Fjortofts bok inneheld — feildatering av eit regjeringsmøte, påstanden om at heile bergkompaniet opphavleg skulle sendast med fly, osv. — men dei forsterkar inntrykket av ein forfattar som synest å meine at bodskapens intensjon er viktigare enn innhaldet. Og det er synd for dei delar av boka der Finnmarks verkelege krigstragedie blir skildra med innlevingssevne og medkjensle, utan at forfattaren tek domarkappa på. ■

## Lydpotte-service

O. Ingebrigtsen & Sønn

Elsero - Bergen - Tlf. 25 66 74

Vårt rasjonelle opplegg gir Dem gunstige priser.

Montering - Utskifting kan foretas mens De venter.

Vennligst konferer oss pr. telefon for timeavtale.

VARME OG KALDE RETTER  
Smørbrød — Middag — Pizza  
Kylling med chips — Kaffe og kaker  
Soft-is

Velkommen innom

**Libra Kafeteria a/s**

Tlf. 076/24 820 — 7130 Brekstad

